



2010

ÅRSMELDING
BREMNES FRYSERI

Bremnes Fryseri er i dag eit holdingselskap, og eig selskapa **Bremnes Seashore** og **Kald Fisk** som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking og foredling, samt innovativ nytenking. **Bremnes Fryseri** eig og delar av sals- og distribusjonsselskapa **Salmon Brands** (49 prosent) og **Ocean Quality** (40 prosent).

Innhold

Vekst og utvikling	4	Auka produksjon	22
Growth and development	6	Fokus på sal	22
«Look to nature»	8	Bremnes — inspirerer verda	24
I bresjen for ei berekraftig laksenæringer	10	Lokasjonskart	26
Først i 1937 — fremst i dag	13	Våre viktigaste ressursar	28
Frå start til mål	14	Styret og leiargruppa	30
Settefisk	17	Styret si årsmelding	32
Matfisk	18	Resultatrekneskap	34
Slakteri	19	Nøkkeltal	35
Foredling	19	Balanse	36
Ein bit av Bremnes i verda	20	Kontantstraumoppstilling	38
Sal	21	Revisor si melding	39





Laks er sunn og god mat,
og laks frå Bremnes Fryseri er i verdsklasse

INGRID ESPELID HOVIG

Vekst og utvikling

2010 vart endå eit rekordår både for norsk oppdrettsnæring og for Bremnes Fryseri. Gode prisar på laksen og høg produksjon gjorde at konsernet fekk sitt beste år noksinne, målt både i lønsemd og produksjon. Konsernet hadde også ei flott og spennande utvikling på mange andre område.

Me er blitt ei anerkjend føregangsbedrift på mange område. Dette fekk me bekrefta i 2010, ved at me vart tildelt to attraktive prisar. På den årlege havbrukskonferansen på Stord blei Bremnes Seashore tildelt aqKva-prisen for innovasjonen og nytenkinga me har vist med utviklinga av Salma. På Haugalandskonferansen vart Bremnes Seashore kåra til Årets bedrift av Haugesundregionens næringsforening. Begge prisane viser at innovasjon, nytenking og fokus på drift og utvikling av tilsette står i fokus og har gitt suksess for Bremnes Seashore.

2010 var eit år med høg aktivitet i alle delar av konsernet. Smoltanlegga våre produserte meir smolt enn nokon gong, og drifta gjekk godt. Dei neste to-tre åra blir ei av hovudoppgåvene våre å utvikla smoltanlegga våre vidare, slik at me kan produsera smolt som er meir tilpassa dagens regime og utfordringar på sjøsida.

Produksjonen av matfisk steig i 2010, med eit samla oppdrett av 23000 tonn laks. Trass i ein del utfordringar, har me medarbeidarar som står på kvar dag og gjer ein fantastisk jobb ute på anlegga. Dette blir det resultat av. I Bremnes Seashore er me opptekne av at miljøpåverknadene frå fiskeoppdrett skal vera så små som moglege. Det vil både miljøet og oppdrettarane tena på. For å styrkja kampen mot lakselusa, starta Bremnes Seashore og fleire andre oppdrettarar i 2010 selskapet Cleanfish. Dette selskapet produserer leppefisk til avlusing i merdane. Saman med dei andre oppdrettsselskapene i regionen har Bremnes Seashore også arbeidd for å få til ei soneforskrift for Hardangerfjorden. Dette fekk me til, og me er glade for at me i 2011 kjem i gang med brakkleggning av det første store fjordområdet. Me har store forventningar til at dette vil redusere de biologiske utfordringane betydeleg. Me ser dette samarbeidet som svært viktig, og håpar det positive samarbeidet kan halda fram.

Også i pakkeriet skjedde det mykje positivt i 2010. Me inngjekk to viktige slakteavtalar med AS Bolaks og Fremskridt AS, som sikrar pakkeriet større slaktevolum i 2011. Me starta også bygginga av nytt pakker i 2010, og første del av anlegget vil bli teke i bruk i 2011. Ikke berre vil det nye pakkeriet gje oss ein betydeleg auke i slaktekapasiteten, men det toppmoderne anlegget blir det slakteanlegget i Noreg som vil levera den høgste kvaliteten på laksen. Med denne fabrikken vil Bremnes Seashore få ein reiskap til å auke satsinga vår på kvalitet og kundetilfredsheit.

2010 viste til fulle at den nye foredlingsfabrikken, som blei opna i 2009, fungerer godt. Produksjonen av foredra produkt, som Salma, fersk filet og frozen filet, viser ei fin utvikling.

Bremnes Seashore satsar på høgkvalitetsprodukt. Då er det viktig for oss å nå heilt ut til

sluttkunden. For å få det til, oppretta me i 2010 salsselskapet Ocean Quality i fellesskap med Grieg Seafood. Me starta også ein prosess for å byggja opp ei eiga merkevare kalla «Bömlo» i lag med Metro Cash & Carry i Tyskland. Samarbeidet med Metro fungerer godt, og me har store forventningar til den vidare utviklinga for produkta våre i den tyske marknaden.

At 2010 blei eit godt år for konsernet, skal dei tilsette ha mykje av æra for. Me har dyktige, kreative og flittige medarbeidarar i alle avdelingar. Trivselen blant dei tilsette er høg, og sjukefråværet gjekk ned i 2010. Det ser me som svært positivt. Trivselen til dei tilsette er noko me set høgt.

Med et godt 2010 bak oss, har me også forventningar om at 2011 vil bli godt år for konsernet. Det er venta at prisene på våre produkt vil vera høge i 2011. Spesielt i første halvår. I andre halvår er det forventa en auke i tilbodet av laks, særleg frå oppdrettarar i Chile. Men det vil også vera ein auka i etterspørselen. Dette kjem av at laks er sunn, trendy, miljøvennlig og god mat.

Eg vil takka alle våre tilsette som kvar dag legg ned ein fantastisk innsats og på den måten bidrar til at Bremnes Fryseri er ei verksemd i utvikling og vekst. Tusen takk.



Olav Svendsen jr.

Utdrag, nøkkeltal

i 1 000 NOK

	2010	2009	2008
Driftsinntekter	906 242	650 014	475 620
Driftsresultat	202 896	72 089	31 669
Resultat før skatt	184 725	82 282	-10 721
Eigenkapitalprosent	36.9 %	27.7 %	27.5 %

Sjå full oversikt side 35.

DRIFTSINNTEKTER:

2010

906 242 000

+39,4%

2009

650 014 000

2008

475 620 000

EIGENKAPITALPROSENT:

2010

+33,2%

2008 2009

Growth and development

Key figures (in NOK 1 000)

	2010	2009	2008	2007
Operating revenues	906 242	650 014	475 620	373 010
Operating profit/loss	202 896	72 089	31 669	57 829
Financial items	-18 171	10 193	-42 391	43 788
Pre-tax profit/loss	184 725	82 282	-10 721	101 617
Total assets	1027 936	918 934	727 143	622 053
Total equity	379 789	254 495	199 669	219 548
Net interest-bearing debt	461 136	500 291	392 814	268 808
Equity ratio	36.9 %	27.7 %	27.5 %	35.3 %
Book value per licence	5 372	5 144	2 821	2 894

Both the Norwegian fish farming industry and Bremnes Fryseri experienced yet another record year in 2010. Good prices for salmon and high production resulted in the best year ever for the group, both in terms of earnings and production. The group also experienced impressive and interesting development in many other areas.

In many areas, we are now recognised as a pioneering company. This was confirmed in 2010 when we were awarded two prestigious prizes. At the annual Aquaculture Conference on Stord, Bremnes Seashore was awarded the aqKva prize for the innovation and fresh thinking we demonstrated in the development of Salma. At the Haugaland Conference, Bremnes Seashore was voted Company of the Year by the Chamber of Commerce for the Haugesund region. Both prizes show that emphasis has been placed on innovation, fresh thinking and focusing on operations and employee development, the recipe for success at Bremnes Seashore.

In 2010, all parts of the group experienced high levels of activity. Our smolt facilities produced record amounts of smolt, and operations ran smoothly. In the next two to three years, one of our main tasks will be to develop our smolt facilities further, which will enable us to produce smolt more in line with the current regime and marine challenges.

In 2010, production of marine growers increased, with a total of 23,000 tonnes of farmed salmon. Despite a number of challenges, our employees give their all every day and do a fantastic job out at the facilities. This generates results. In Bremnes Seashore, we focus on reducing the environmental impacts from fish farming as much as possible. This will benefit both the environment and the fish farms. In 2010, Bremnes Seashore and several other fish farms started the company Cleanfish in order to reduce the prevalence of salmon lice. Cleanfish produces cleaner wrasses for delousing in the cages. Bremnes Seashore and other regional fish farming companies have worked on establishing a zoning regulation for the Hardanger fjord. This has been achieved, and we are pleased to have started

a fallowing strategy in the first large fjord area in 2011. We have great expectations that this will significantly reduce the biological challenges. We view this collaboration as very important, and hope for the continuation of this positive cooperation.

In 2010, there were many positive developments at the packing plant. We entered into two important harvesting agreements with AS Bolaks and Fremskritt AS, which secures a large harvesting volume for the packing plant in 2011. In 2010, we also started construction of a new packing plant, and the first part of the plant will be ready for use in 2011. The new packing plant will not only significantly increase our harvesting capacity; the state-of-the-art facility will also deliver the highest-quality salmon of all harvesting plants in Norway. In this plant, Bremnes Seashore gets a tool that will sharpen our focus on quality and customer satisfaction.

The cultivation plant that opened in 2009 proved to function well in 2010. The production of processed products such as Salma and fresh and frozen fillets is showing a fine development.

Bremnes Seashore focuses on high-quality products. It is therefore important for us to reach all the way out to the end customer. In order to achieve this, we and Grieg Seafood jointly established the sales company Ocean Quality in 2010. We also initiated a process of promoting our own brand called 'Bömlø' together with our largest and most important customer, the German wholesale and retail trading group Metro Cash & Carry. The collaboration with Metro works well, and we have great expectations for the further development of our products in the German market.

Much of the credit for 2010 being a good year for the group lies with the employees. We have skilled, creative and hard-working employees in all departments. Job satisfaction among the employees is high, and sickness absence decreased in 2010. This is very positive. We place a high priority on job satisfaction among employees.

With 2010 behind us, we also expect that 2011 will be a good year for the group. In 2011, prices for our products are expected to be high, especially in the first half of the year. An increase in the supply of salmon is expected in the second half of the year, particularly from fish farms in Chile. But an increase in demand will also occur. This is because salmon is healthy, trendy, environmentally friendly and make for good food.

I wish to thank all of our employees who put in a fantastic effort every day and, in this way, contribute to ensuring that Bremnes Fryseri remains an activity experiencing development and growth. Thank you very much.



Olav Svendsen jr.

Bremnes Fryseri følgjer fisken frå rogn til ferdig slaktfisk. Me fører nøye målingar med settefisken vår, og passar på blant anna vekst og vasskvalitet. Dette er med på å sikra kvalitet gjennom heile verdikjeda.

Kontroll med heile verdikjeda



«Look to nature»

'LOOK TO NATURE'

'Look to nature' – this is the basic philosophy behind Bremnes Fryseri's salmon production. From roe to grown salmon, we try to imitate natural conditions as best we can – based on our knowledge of the biology of wild salmon. The goal is to achieve the best possible fish health and welfare, two very important building blocks that form the basis for our entire industry.

All our fish farms have good current conditions and clean, fresh water. In addition, we also use extra big and deep nets, which means that the density of fish in the cages is low, and that the salmon can choose to stay where the temperature is best.

«Look to nature». Sjå til naturen. Det er grunnfilosofien bak lakseproduksjonen til Bremnes Seashore. Heilt frå laksen er rogn til han er vaksen prøver me å kopiera tilhøva i naturen etter beste evne - ut frå det me veit om biologien til villlaksen. Målet er å skapa best mogleg fiskehelse og fiskevelferd, to særskilt viktige byggjesteinar som ligg i botn for heile verksemda vår.

Me startar allereie med rogna, som me plasserer på ein kunstig «elvebotn» av plastsubstrat. Denne liknar på oppvekstmiljøet lakserognna har på elvebotnane ute i naturen.

I settefiskanlegga våre strømmer vatnet berre ein veg. På den måten freistar me å imitera effekten av corioliskrafta, som gjer at vind- og havstraumar på den nordlege halvkula dreier mot høgre.

Bremnes Seashore har oppdrettsanlegg på 21 lokalitetar. Fellesnemnaren for alle desse lokalitetane er gode straumtilhøve og rent, friskt vatn. Me justerer stadig anlegga for å sikra optimal plassering på kvar einskild stad.

For å auka trivselen og betra helsa til fisken vår ytterlegare, er me svært opptekne av å halda tettleiken i merdane låg. Derfor nyttar me merdar som er ekstra store. Resultatet er at merdar med fullvoksen laks består av 99 prosent vatn og berre har ein prosent fisk. I merdane våre med omkrins på 160 meter er fiskettettleiken om lag halvparten av det styresmaktene set som krav.

Eit anna sær preg ved oppdrettsverksemda vår, er at me også nyttar ekstra djupe nøter i merdane. På den måten let me fisken sjølv velja kva vassjikt han vil opphalda seg i, og laksen kan symja til den delen av sjøen som har mest optimal temperatur for årstida.

Når ein fisk er sett ut i ei merd, let me han bli der frå han er 100 gram til han er fullvoksen. Me verken sorterer eller flyttar laks frå merdane. På den måten unngår me situasjonar som kan påføra fisken unødig stress.

to nature»

99% H₂O
1% fisk

Me vel ut straumrike lokalitetar som gir reint oksygenrikt vatn til fisken. Store merdar med djupe nøter gir fisken god plass og mogleiken til å velga sin optimale sjøtemperatur. I alt me gjer etterliknar me naturen så godt det lar seg gjera for å få fisken best mogleg.

Rein sjø og god plass gir sunn fisk



I bresjen for ei berekraftig laksenærинг

Med snart sju milliardar menneske på ein planet som består av 70 prosent hav, må me henta mykje av maten vår frå havet dersom me skal greia brødfø heile kloden. I eit slikt perspektiv blir fiskeoppdrett ein viktig bidragsytar til det globale matfatet. Samstundes er det viktig at produksjon av oppdrettsfisk går føre seg med minst mogleg påverknad på det naturlege miljøet i havet. Dette er noko Bremnes Seashore har stort fokus på. I konsernet er me svært opptekne av at produksjonen vår skal vera berekraftig, og me vil vera i teten på dette området. Derfor jobbar me no aktivt for å bli blant dei første oppdrettsverksemndene som oppfyller den komande, internasjonale berekraftstandarden for oppdrett av marine artar (ASC).

I dag utgjer lakselus, rømming og berekraftig førproduksjon dei største miljøutfordringane våre. Dette er utfordringar me jobbar hardt med å finna gode løysingar på, både åleine og i samarbeid med andre lakseprodusentar.

Lakselus er eit lite problem for oppdrettslaksen, men kan ha innverknad på villaksbestanden. Difor er det viktig for oss å ha så lite lakselus i merdane våre som mogleg. For å fjerna lusa på ein miljøvennlig måte, nyttar me leppefisk i alle merdar. Bremnes Seashore er også med i fleire organisasjoner der oppdrettarar på Vestlandet samarbeidar om ulike tiltak mot lakselusa. Samarbeidsorganet Lusalau er eitt døme, der fleire oppdrettsselskap synkroniserer innsatsen i samarbeid med Mattilsynet. Lusalau har i 2009 og 2010 jobba for å få til brakklegging av større fjordområde ein gong annakvart år. Den første brakklegginga startar våren 2011. Då vert heile Bømlafjorden, Ålfjorden og Skånevikfjorden tömt for oppdrettslaks.

CHAMPIONING A SUSTAINABLE SALMON INDUSTRY

Fish farming is an important contributor to the global food supply. At the same time, it is important that the production of farmed fish has as little impact on the natural marine environment as possible. This is something that Bremnes Seashore maintains a strong focus on. The group is very keen to ensure that production is sustainable, and we wish to be at the forefront of this area.

Salmon lice, escaping fish and sustainable feed production are our biggest environmental challenges. We work hard to find good solutions to these challenges, both alone and in collaboration with other salmon producers.

Bremnes Seashore har ein nullvisjon for rømmingar. Me brukar nøter og merdar som er endå meir rømmingssikre enn det standarden krev. Skulle det likevel skje at fisk rømmer, er det viktig å ha ein god beredskap. Gjennom deltaking i Hardangerfjordlauget arbeider me for kortsiktige og langsiktige tiltak som skal sikra ein god beredskap ved rømmingar.

Ein del av fiskebestandane i verda er, eller har vore overutnytta. Saman med styresmakter og fôrleverandørar arbeider Bremnes Seashore for å balansera uttaket av fiskebestandar og betra utnyttinga av fiskeråstoffet som vert brukt til fôr i lakseproduksjon. Me stiller krav til fôrleverandørane våre om at råvarene skal koma frå berekraftige fiskeri. Me samarbeidar også aktivt med fôrleverandørane om å auka ressursutnyttinga, til dømes gjennom å bruka meir avskjer frå annan fiskeproduksjon. Samstundes bidreg auka bruk av vegetabilsk råvarer som soya- og rapsolje til at behovet for fiskeråstoff vert mindre.

Lakseoppdrett er den mest effektive kjøtproduksjonen me har i dag. Laksen utnyttar føret betre enn både kylling og gris. Forsking har også vist ei rekke positive helseeffektar av Omega-3-fettsyrrene EPA og DHA, som er den viktigaste bestanddelen i fiskefôret. Bremnes Seashore har i dag ei god utnytting av dette råstoffet, og Omega-3 «innpakka» i våre lakseprodukt gjev betre effekt på helsa enn Omega-3 innpakka i kapslar.



Bremnes Fryseri arbeider kontinuerleg med forsking og utvikling på våre produkt. På denne måten når me stadig nye milepælar når det gjeld utviklinga av høgkvalitets fisk. Våre dyktige og engasjerte medarbeidrarar er ein føresetnad for å kunna produsera varer av høg kvalitet.

Innovasjon gir superfersk fisk



Først i 1937

Olav Svendsen var ikke gamle karen då han som 14-åring byrja å ta i mot tang og tare på kaiane heime i Øklandsvågen i 1937. Faren, Ole Svendsen, skjøna at sonen hadde sans for kjøp og sal, og Olav fekk difor snart ansvar for mottaket av villaks og hummar, som hadde vore grunnlag for drifta i den gamle handelsstaden Øklandsvågen i fleire hundre år. I 1946 vart det sett i gong ei stor utbygging og verksemda vart flytta over vågen til Kvednavikjo.

I åra etter krigen tok Bremnes Fryseri imot makrell, kjøpte utstyr til hermetikkfabrikk og byrja leggja ned makrellrogn på boks. Det var òg mottak av reker, krabbe, størje og sei. Det store pigghåeventyret starta midt på 1950-talet, og skulle vara i nær 30 år. Ved sida

av laks var pigghåen det viktigaste produktet for utviklinga og suksessen til Bremnes Fryseri. Kvednavikjo var på denne tida verdas største pigghåmottak.

Alt på 1950-talet var Olav Svendsen med og forsøkte å klekkja ut aure. Klekkinga gjekk bra. Yngelen kom fram og levde av plommesekken. Lenger kom dei ikkje då, for spesialfôr var enno ikkje på marknaden.

Først på 1960-talet vart klekking av rogn på Goddo og matfiskoppdrett i ein avstengd våg utanfor Øklandsvågen ein suksess. Denne aktiviteten danna grunnlaget for vidare vekst.




Olav Svendsen Sr,
ca 1965

Eigarar

Pr. 31.12.2010

Olav Svendsen jr	50,00 %
Torild Knarvik	11,67 %
Torbjørg Sæverud	11,67 %
Alvhild Helgesen	8,33 %
Gerd Johansson	8,33 %
Eivind Sæverud	5,00 %
Terje Sæverud	5,00 %
<hr/>	
	100,00 %

Kvernvik ca 1946



I dag er det etterkomarane etter Torbjørg og Olav Svendsen senior som eig 100 prosent av aksjene i Bremnes Fryseri, og som leiar selskapet. Dei har bore med seg, og bygd vidare på pågangsmotet og entusiasmen til gründeren. Det har gjeve resultat. Sidan starten med regnbogeaure på 60-talet, har Bremnes Fryseri gått gjennom ei rivande utvikling. Det som starta i det små har vaksse seg til noko stort, og Bremnes Fryseri har vorte ei av dei største privateigde oppdrettsverksemndene for laks i Noreg.

Bremnes Seashore har i dag hand om heile produksjonskjeda for laksen, frå yngel i landbaserte settefiskanlegg, via oppdrett, slakting og foredling, til ferdige produkt som vert distribuert til forbrukaren. Selskapet har ekspandert kraftig dei siste åra, og

konsernet Bremnes Fryseri sysselsette i 2010 totalt 219 personar. Omsetnaden i 2010 var på over 900 millionar kroner.

Bremnes Seashore har aktivitetar spreidd rundt i Sunnhordland, Hardanger og Rogaland. Våre 21 oppdrettsanlegg og fleire landbasar er fordelt på ni ulike kommunar. I tillegg har konsernet to settefiskanlegg i Bømlo, eitt i Vindafjord, samt eigardel i Sævareid Fiskeanlegg i Fusø. Prosessanlegget og administrasjonen held til i Øklandsbyggen i Bømlo kommune. Her har Bremnes Fryseri mellom anna eit 4 000 kvadratmeter stort nybygg som husar foredlingsanlegg, kjøleterminal, lokale for administrasjon, og snart eit nytt moderne slakteri.

Med 219 tilsette og aktivitetar på sjø og land i mange lokalsamfunn, er det viktig for Bremnes Seashore å ha gode relasjoner til dei ulike kommunane og lokalsamfunna. Me bidreg difor aktivt med støtte til lokalt idretts-, kultur- og ungdomsarbeid på stader der selskapet har aktivitet. Med tilsette på 28 forskjellige stader og vel 100 tonn produkt som skal transporterast ut i verda kvar dag, er konsernet også opptekne av gode kommunikasjonar.

Bremnes Fryseri har bidrige med finansiering i fleire samferdsleprosjekt, og gjennom medlemskapen i Bømlo Vegselskap arbeider selskapet aktivt for å heva vegstandarden på Bømlo.

Bremnes Seashore er avhengig av dyktige og motiverte medarbeidarar. Me legg difor også stor vekt på trivselsfremjande tiltak for eigne tilsette, som til dømes trimkampanje, kantine og firmahytte.

FIRST IN 1937 – AT THE FOREFRONT TODAY

From its humble beginning as a seaweed reception plant in 1937, Bremnes Fryseri has grown to become one of the biggest privately-owned salmon farming enterprises in Norway. Today, the group handles the entire production chain for salmon, from onshore smolt facilities that produce fry, via farming, harvesting and processing, to the distribution of finished products to consumers.

The company has expanded considerably in recent years, and the Bremnes Fryseri group employed a total of 219 persons in 2010. Turnover exceeded NOK 900 million in 2010.

Bremnes Fryseri has activities in Sunnhordland, Hardanger and Rogaland.

Fremst i dag



Frå start til mål

Rogn



Settefisk



Matfisk



Rogn

JANUAR 2009

START

Me har utvikla rogn med spesielt gode eigenskapar i samarbeid med stamfiskanlegg.

Yngel

MARS 2009

Rogna blir klekt ut og yngelen veks fram i eit ferskvatnanlegg.

Smolt-utsetjing

APRIL 2010

Laksesmolten på omlag 100 gram vert sett ut i sjøen der han veks fram til han kan haustast.

Slakting



Foredling



Sal



Hausting AUGUST 2011

Laksen på omlag 5 kilo blir transportert levande frå dei ulike oppdrettsanlegga, til opptak og handsaming ved fabrikken i Øklandsvåg.

Distribusjon

Ferdige produkt av ulike slag blir klargjort og lasta for distribusjon til kundar over heile verda.

MÅL



Me bruker rogn frå Salmo Breed-stamma. Produksjonen av stamfisk og rogn byggjer på målretta avlsarbeid. Avlsarbeidet er målretta for å trygga godt smoltutbytte, høg superiorandel og optimalt filetutbytte. Avlsarbeidet har og fokus på helseeigenskapar som gir motstand mot dei biologiske utfordringane fisken møter i produksjonstida.

Stamfiskanlegga som leverer rogna er sertifisert etter GlobalGAP-standarden og slik sikrar me at dei har kontroll på produksjonen sin. Rognproduksjonen er basert på familieavl for å få fram ein laks med dei beste eigenskapar. Me kjøper augerogn til våre settefiskanlegg. Resten av produksjonssyklusen styrrer me i eigne anlegg.

ROE

We use roe from the Salmo Breed stock. The production of broodstock and roe is based on targeted breeding work that cultivates a good smolt yield, a high production of superior quality and optimal fillet yield. The breeding work also focuses on achieving healthy fish that are resistant to biological challenges during the production period.

The broodstock facilities that deliver the roe are certified in accordance with the GlobalGAP standard, which ensures us that they are in control of their own production. The production of roe is based on family breeding to achieve salmon with the best characteristics. We buy eyed eggs for our smolt facilities. The rest of the production cycle is managed at our own facilities.



Settefisk

Bremnes Seashore har tre settefiskanlegg som produserer smolt. Desse anlegga er Gjeravåg og Skålevik i Bømlo og Tørvåg i Vindafjord. I tillegg eig selskapet 16,7% av Sævareid Fiskeanlegg.

Ein viktig faktor for å lukkast med lakseproduksjon er å ha smolt med god kvalitet. Me har derfor satsa mykje på å bygga ut settefiskanlegga slik at dei held ein god moderne standard. For tida pågår det ei betydeleg utbygging av Sævareid som gir grunnlag for ein klar auke i antal smolt og storleik.

Dei naturgitte tilhøva ved settefiskanlegga våre er ulike og me har derfor lagt vekt på at produksjonen vert tilpassa dei naturgitte mulighetene. Kvart av anlegga tilpassar sin produksjon av mengde og storlek for å optimalisera utsett og produksjon i sjø. Produksjon av smolt må og ta omsyn til dei naturgitte rammevilkåra for å få ein fisk som er motstandsdyktig mot ulike biologiske utfordringane og som veks godt i sjøen.

Kunnskap er nøkkelen for å lukkast med settefiskproduksjon. Me har ein arbeidstokk som har tileigna seg god kompetanse og erfaring. Resultatet av gode driftsanlegg, god kontroll på vass-kvalitet og ein engasjert arbeidsstokk, gjev gode og stabile driftsforhold og ein optimal smoltkvalitet.

SMOLT

Bremnes Seashore has three smolt facilities: Gjeravåg and Skålevik on Bømlo, and Tørvåg in Vindafjord. In addition, the company owns 16.7% of Sævareid Fiskeanlegg.

Good smolt quality is a key factor in successful salmon production. We have therefore invested a great deal in building modern smolt facilities. Sævareid Fiskeanlegg is currently undergoing extensive development, which will facilitate an increase in the number and size of the smolt.

The natural conditions at the smolt facilities vary, and we have therefore emphasised adjusting production to the conditions at each facility.

MARINE GROWERS

The Bremnes Fryseri group has fish farms in 21 locations. What they have in common are good current conditions and clean, fresh water. We regularly adjust the facilities to ensure an optimal location for each facility.

Last year's production amounted to 23,000 tonnes of marine growers, and we aim to further increase production in the next few years.



Bremnes konsernet har anlegg på 21 lokalitetar i Rogaland og Hordaland, frå Sandnes til Jondal. Oppdrettstilhøva i denne regionen er særskilt gode, med lokalitetar som gir fisken optimale straum og temperaturforhold til å trivst og veksa godt. Dei siste åra har det vore investert mykje i nye lokalitetar og utstyr som sikrar gode arbeidsforhold og god vekst i produksjonen. Matfiskproduksjonen er berebjelken i vår drift og me har dei siste fem åra meir en dobla vår produksjon innanfor dei rammene som ligg i konsesjonsvilkåra. Våre røkterar og driftsleierar har bidrige godt til den store veksten gjennom optimalisering av produksjonsmetodar og utnytting av produksjonsutstyr. Me har og hatt ei målretta oppfølging av ståande biomasse som har bidrige til auka produksjon.

Me produserte omlag 23 000 tonn i 2010, på 20 konsesjonar, og reknar med å auka produksjonen ytterlegare dei neste åra. Me arbeider mykje med ulike tiltak for å oppnå lik kvalitet på fisken heile året. Me samarbeider tett med andre oppdrettselskap i vår region for å oppnå best mogleg driftsforhold på våre lokalitetar. Me samordnar no utsætta på ein slik måte at me får felles brakklegging i store område. Dette vil gi ein positiv effekt på fiskehelsa. Målsettinga med samarbeidet med er å betra lusesituasjonen. I tillegg vil samordna drift i regionen bidra til redusert sjukdomssmitte i sjø og derav betre fiskehelse.

I tillegg til drift av eigne lokalitetar, samarbeider me med lokale oppdrettselskap gjennom samdrift på fleire lokalitetar.

Matfisk

Slakteri

Ved hjelp av dyktige medarbeidrarar og høgt fokus på kvalitet i alle ledd, produserer H-82 gode produkt som er etterspurt av kvalitetsbevisste kundar frå heile verda.

Bremnes Seashore legg ned mykje tid og ressursar i å trygga og dokumentera kvalitetten. Me har alle sentrale godkjenningar og sertifikat som gir oss muligkeit til å levera våre produkt til kvalitetsbeviste kundar og marknader.

- I 2010 pakka me totalt 22 000 tonn laksefisk, ein auke på heile 22 prosent frå året før og ein auke på heile 100 prosent dei siste 5 åra.
- I 2010 vart det inngått to slakteavtalar med eksterne produsentar som gav eit auka volum for prosessavdelinga vår i 2010 og som bidreg til fortsatt auke i 2011.
- Hovudtynga av slaktekvantumet gjekk ut som ferskvarer.
- Ved slakteriet var det ved utgangen av 2010, 50 årsverk. Me legg stor vekt på opplæring og legg til rette for fagbrev og varierte arbeidsoppgåver, som bidreg til fagleg utvikling og kvalitet i produksjonen.

I 2010 har me starta oppbygginga av eit nytt topp moderne lakseslakteri. Anlegget vert ferdigstilt 2011. Anlegget vert bygd med god ergonomi og store krav til hygienisk design. Anlegget vil sikra fleksibilitet, effektivitet, kvalitet i produksjonen. Dette vil sikra at Bremnes Seashore kan fortsette å vidare utvikle den gode kvaliteten som pakkenummeret H-82 er kjent for.

Foredling

HARVESTING PLANTS

With the help of qualified employees and a high focus on quality throughout the organisation, H-82 produces good products that are in demand by quality-conscious customers all over the world.

In 2010, we packed a total of 22,000 tonnes of salmon, an increase of 22 per cent on the year before and a total increase of 100 per cent in the last five years. Most of the gutted fish left the plant as fresh produce. About 300 tonnes were deep-frozen in 2010.

In 2010, we started building a new, state-of-the-art salmon harvesting plant. The facility will be completed in 2011. The facility has good ergonomics and meets stringent requirements for hygienic design.

Ny og framtidsretta foreldingsfabrikk vart teken i bruk i 2009.

Ved bygging av dette anlegget har me fokuset på hygiene for å trygga ein best mogleg kvalitet på dei produkta me produserer. Anlegget har høg kapasitet gjennom effektiv produksjon og gjev oss moglegheiter for levering av eit betydeleg volum av bearbeida lakseprodukt av høg kvalitet som H-82 er kjend for.

- I 2010 vart det nytt 5700 tonn råstoff til foredling ved fabrikken, ein auke på heile 36 prosent frå året før.
- Om lag 35 % av råstoff til foredling vart nytt til å produsere vårt unike produkt SALMA™. Salma har ein svært positiv utvikling og utgjer ein stadig større del av vår produksjon.
- Ved foredlinga var det ved utgangen av 2010 omlag 64 årsverk. Som ved pakkeriet blir det lagt stor vekt på grundig opplæring for nyttilsette og tilrettelagt for fagbrev.
- Hovudtyngda av dei foredra produkta gjekk ut som fersk vare.

Me har i dag eit prosessanlegg som tek vare på den gode kvaliteten på laksen. Etterspurnaden etter ferske foredra lakseprodukt er aukande. Med eit nytt effektivt foreldingsanlegg, er me i stand til fylgje ein auka etterspurnad etter sunn og god mat.

PROCESSING

We started using a new, cutting-edge processing plant in 2009. The facility has the capacity to deliver a substantial volume of high-quality processed salmon products.

In 2010, 5,700 tonnes of raw materials were processed at the plant, an increase of 36 per cent on the year before. About 35 per cent of the raw materials were used in the production of our unique SALMA™ product. Salma has developed very positively and it accounts for an increasing proportion of our production.

There is increasing demand for fresh, processed salmon products. The new, efficient processing plant enables us to meet the growing demand for good, healthy food.







85%
TIL EKSPORT

Sal

Konsernet Bremnes Fryseri sel produkta sine til kundar i heile verda, med hovudvekt på ferskmarknaden. Kundar i Europa, inkludert Russland, utgjer den viktigaste marknaden.

Av det totale volumet med laks Bremnes Seashore selde i 2010, gjekk omlag 85 prosent til eksport.

Lokaliseringa vår gjer at me har kort veg til EU-marknaden og Russland. Nærleiken til flyplassar gjer også at me kan få laksen kjapt av garde til marknadene som ligg lengre vekke. Saman med våre

unike kvalitetsfortrinn, gjer lokaliseringa at me kan tilby kundane ei spesiell opplevelse av fersk fisk som det finst betalingsvilje for. Kundane stiller også stadig større krav til fiskevelferd og berekraftig produksjon. Dette er krav som harmonerer godt med oppdrettsfilosofien til Bremnes Seashore.

For å styrkja posisjonen i marknaden ytterlegare, etablerte Bremnes Seashore og Grieg Seafood i 2010 eit felles salselskap.

Bremnes Seashore
H 82

SALES

The Bremnes Fryseri group sells its products to customers all over the world, with emphasis on the fresh produce market. Customers in Europe, including Russia, make up the most important market.

Of the total volume of salmon sold by Bremnes Fryseri in 2010, about 85 per cent was exported.

To further strengthen its position in the market, Bremnes Seashore and Grieg Seafood set up the joint sales company Ocean Quality AS in 2010.



Auka produksjon

Bremnes Seashore sitt nye slakteri, med fokus på kvalitet og fleksibilitet i produksjonen, har fått tilført auka aktivitet gjennom slakteavtalar som vart inngått med AS Bolaks og Fremskridt AS.

AS Bolaks har drive oppdrett i 35 år og produserer om lag 10 000 tonn sløyd laks årleg. AS Bolaks har i alle år vore kjend for den gode kvaliteten på fisken sin. AS Bolaks har også rognproduksjon og leverer om lag 35 millionar rognkorn årleg fra eige stamfiskanlegg. Fremskridt AS starta med oppdrett av laks på 1960 talet og produserer i dag om lag 2 500 tonn sløyd kvalitetslaks fra lokalitetar på Bømlo.

For Bremnes Seashore er samarbeidet ei annarkjenning av verksemda si lange erfaring og høge kompetanse på slakting og foredling av laks.

INCREASED PRODUCTION

With our new harvesting plant, focusing on quality and flexibility in the production line, Bremnes Seashore have increased its activity with our new agreement with AS Bolaks and Fremskridt. The agreement is an acknowledgment of our experience and competence on harvesting and processing salmon.

Fokus på sal

Bremnes Seashore har ein strategi om å styrka marknadsorienteringa og fokuset på direkte sal til sluttkundar. Difor har ein i samband med Grieg Seafood etablert eit felles salsselskap Ocean Quality. Etableringa vart gjort i 2010 og vil vera ein styrke for begge selskapa gjennom større salsvolum, komplementær slakteprofil og mogleiken til å selga både heil fisk og bearbeida fisk.

Grieg Seafood eig 60% av det nye selskapet, medan Bremnes Fryseri eig dei resterande 40% av selskapet. Ocean Quality har base i Bergen og salskontor på Bremnes og i Alta.

FOCUS ON SALES


Together with Grieg Seafood Bremnes Seashore established Ocean Quality in 2010. The new sales company will strengthen the marketing orientation and focus on sales to end customers, for both companies. Grieg Seafood holds 60 % while Bremnes Fryseri will hold the remaining 40 % of the company.



Fisken frå Bremnes Fryseri blir pakka og levert under pakkemerket H82. Merket har vore nyttå sidan selskapet vart etablert og har vorte kjend for stabil og god kvalitet.

Kvalitet gjennom generasjonar





SALMA MED JARLSBERG

Ingredienser

100 g SALMA
4 skiver Jarlsberg Vellagret m/skorpe
10 asparges , topper av

Skjær tynne skiver SALMA. Kok aspargetoppene lett i saltet vann. Avkjøl og la de renne godt av seg.

Skjær Jarlsbergskivene diagonalt. Snurr Jarlsberg og SALMA rundt aspargesen. Sett på fat og server. Godt som snack og forrett.



LAKS I FOLIE

INGREDIENSER:

600 gr kvalitetslaks fra Bremnes
4 vårløk
1 rød paprika
1 dill
1 salt
1 sitron, i skiver
4 Lett Crème Fraiche



Bremnes
– inspirerer verda



ITALIENSK VARIANT

Ingredienser

500 g SALMA lakseloin
100 g asparges
1 sitron
½ bunt gressløk
2 ss fersk basilikum
1 ts pinjekjerner til pynt
6 blad rucolasalat til pynt



Salt SALMA lakseloins lett før formfett sprayes på. Grill laksen slik at den fremstår som medium (lett rosa i midten). Grill blancherte (forkokte*) asparges. Legg laksen på en tallerken med asparges oppå. Flak eller grovt revet parmesan legges på toppen. Topp det hele med noen dråper sitron og olivenolje. Har du noen pinjekjerner eller rucolasalat er det godt til også.

*Du koker asparges i ramsalt vann i 2 minutter. Avkjøl dem i icksaldt vann og tørk dem før grilling.



Fleire oppskrifter
finn du på www.salma.no



VÅRRULL

Ingredienser

400 g kvalitetslaks fra Bremnes
1 egg
1 dl Kremfløte
1 pk Ris-våruller
½ bunt koriander
1 stk chili
1 liter frityrolje (evt solsikkeolje/rapsolje)
2 avokadoer
1 mango
50 g cashewnøtter
½ bunt koriander
1/2 sitron
Sweet chili saus




Kutt laksen i små terninger som er ca ½-1 cm store. Bland 100 gram av Bremnes-laksen med litt salt, 1 eggeplomme, og 1 dl kremfløte i en blender og kjør til en jvn farse. Bland dette med resten av terningene av laksen, finhakket koriander og chili. Dyp risplatene i varmt vann som forkart på pakken, og la dem ligge ca 10 sekunder. Ta dem ut, og kutt i passende stykker. Legg utover på et brett og fyll med lakseblanding. Du kan enten lage ruller som vårruller, eller firkanter.

Siden risvårrullene er ganske klissete, er det lett å lukke dem. Varm frityroljen til 170-180 °C og friter vårrullene kjapt i ca 2 minutter, alt etter hvor stor hver rull er. De skal være sprø på utsiden uten å være helt gjennomstekt på innsiden. Det er lurt å teste en før du friterer alle for å finne ut hvor lenge de må friteres for å få et perfekt resultat.

Mangosalat

Skrell mango og avokado og kutt i terninger. Bland med grovhakket koriander og cashewnøtter. Smak til med litt sitronsuft og salt. Server umiddelbart med mango- og avokadosalsaen og sweet chili saus.

Lokasjonkart



28 ANLEGG
I NI KOMMUNAR:

- BØMLO
- SVEIO
- KVINNHERAD
- JONDAL
- VINDAFJORD
- FINNØY
- STRAND
- SANDNES
- FUSA

- MATFISK
- SETTEFISK
- PAKKERI/FOREDLING/ADM.



Trygg og god mat

ENGLISH SUMMARY

Farmed salmon is safe, healthy and good food. Bremnes Fryseri produces high-quality salmon that is safe to eat, as our products are inspected and documented from roe to finished product.

The most important elements of our stringent quality system are thorough training of employees, traceable products and control and monitoring of the production processes.

Bremnes Fryseri is certified in accordance with the GlobalGAP and BRC standards, and we also meet a number of customer-specific quality requirements.

Oppdrettslaks er trygg, sunn og god mat. Laks frå Bremnes Seashore held høg kvalitet og er trygg å eta, då produkta våre blir kontrollerte og dokumenterte heilt frå rognstadiet og fram til ferdig vare.

Bremnes Seashore er godkjent etter GlobalGAP-standarden og BRC-standarden, i tillegg til at me oppfyller ei rekke kundespesifikke kvalitetskrav. GlobalGAP stiller krav til alle delar av produksjonen vår, og set fokus på matvaretryggleik, miljøvern, helse, miljø og tryggleik, samt dyrevelferd. BRC (British Retail Consortium) er ein global standard for næringsmiddel som fokuserer på trygg mat.

For å sikra at me leverer sunne og førsteklasses produkt, har Bremnes Seashore eit strengt kvalitetssystem. Dei viktigaste elementa i kvalitetssystemet vårt er grundig opplæring av tilsette, sporbare produkt, og kontroll og overvaking av produksjonsprosessane.

Opplæring: Dyktige og engasjerte medarbeidrarar er ein føresetnad for å kunna produsera varer av høg kvalitet. Mange av våre tilsette er fagarbeidrarar innan fiskeindustri- og akvakulturfaget. Alle nye tilsette får ei innføring i hygiene, HMT (helse, miljø og tryggleik) og dei aktuelle produksjonsoppgåvene dei skal jobba med.

Sporbare produkt: I Bremnes Seashore er alle produkta våre fullt ut sporbare. Det vil seia at me kan følgja historia til kvar einaste fisk. Dette gjer me med eit kvalitetssystem som merkjer, samlar og tek vare på alle opplysningar om kvar einskild fisk. Desse opplysningane set oss i stand til å følgja bakgrunnen og utviklinga til laksen heilt frå rognstadiet og fram til kunden.

Kontroll og overvaking: Bremnes Seashore fører nøye kontroll med dei ulike produksjonsprosessane. Me utfører mikrobiologiske og kjemiske analysar av produkta, produksjonsutstyret og vatnet me nyttar etter ein fastsett plan. Temperaturmålinger og kontrollar av reingjeringar er også med på å sikra produktkvaliteten. Vidare hjelper regelmessige målinger av kvaliteten, fargen og feittinhaldet i fisken oss til å produsera laks med jamn kvalitet, i tråd med kundespesifikasjonane.

Våre viktigaste ressursar

Bremnes Seashore pr. 31.12.2010

Settefisk Gjeravåg

Berentzen Elin Solheim
Hollund Kristian
Robberstad Inge

Settefisk Skålevik

Hellen Dag Helge
Sørvik Ole

Settefisk Trovåg

Haraldseid Øyvind Jakob
Larsen Marijann Belt
Skogen Anne Brith
Svendsbøe Torunn
Ånestad Jorunn

Oppdrett Hardanger

Haugen Knut
Hesvik Øyvind
Jensen Håkon
Lundal Vidar
Selsvik Dag-Kjetil
Toen Jarle Jensen

Oppdrett Rogaland

Alsvik Stig Arvid
Breivik Knut
Bø Alf Anders
Eike Jostein
Eike Karina
Johannessen Klaus Andreas

Knudsen Christian
Knudsen Glenn Egil
Reinhaug Øystein
Romaniszyn Robert
Sitter Tom Bjarne V.

Steinsvik Trond
Wigdahl Henriette
Wågen Camilla

Oppdrett Sunnhordland

Bø Kjetil Lavik
Eriksen Ole Petter
Ervik Bjarte
Ervik Magnar
Farestveit Tore
Helgesen Ernst Olav
Julsrud Elisabeth Winterhus

Kvarven Frode
Pedersen Aksel R.

Sett Yvonne

Sæverud John

Sæverud Oddvar

Søvold Geir Olav

Tunge Andreas

Westergaard Torbjørn

Økland Ernst Georg

Økland Nils Ragnar

Økland Sigve

Servicebåt MS Laila

Føyen Terje
Natterøy Thomas
Svendsen Sverre
Synnes Pål Erik R
Tvedt Frank S.

Pakkeri

Andersen Heidi
Biriukov Roman
Boncuks Aleksandrs
Borlaug Sandra C. U.
Butkus Saulius
Bø Svein Tore
Dang Ngoc Hoang Anh
Ekornsæter Linn Hege E.
Endziulis Eimantas
Glørstad Vidar
Griskoniene Gitana
Halvorsen Constanse
Hoyvik Solei I
Jukna Simonas
Kanarskas Raimondas
Karlsen Eivind
Kazlauskas Kazimieras
Kazlauske Monika
Keawkunya Nipaporn
Lapenas Rolandas
Lukosiunas Arvydas
Lukosiunas Gintautas
Lukosiunas Mantas

Lurins Maris

Macijauskas Rolandas
Magnusson Benjawan
Meling Ronny
Munoz Patricio A Adrover
Myhre Bjørn Otto
Myren Reidar

Mæland Dagne Rannveig
Navikauskas Remigijus
Nguyen Huy Ngoc
Novikovas Eugenijus
Pacevicius Vytautas
Panchenko Germans
Piliunas Tomas
Pongsakased Nattasit
Randen Anette
Rasmussen Mariann
Risnes Rebekka
Rystad Anne Liv
Sediqi Sharif Mohammed
Sett Silvio
Skjolde Ingunn
Sueaklang Kanokthip
Sulymin Naman Hamid Asse
Tubelyte Evelina
Vanagas Svajunas
Vanagiene Sandra
Værøy Stig-Norvald
Zebraitiene Laura
Zebraitis Dainius
Økland Pornpimon

Foredling

Abaksins Vladimirs
Aboalhaja Noralhq M
Abraham Dusan
Akbery Golam Heider A
Alvsvåg Hege
Alvsvåg Simon
Bjelland Grete
Bjelland Randi
Brundziene Jurgita
Brundziene Rasina
Börjesson Helga
Bøe Margot
Ekberg Trygve Fauskanger
Fylkesnes Linda
Geitung Irene J
Gjøsæter Bodil Karin
Habbestad Erik
Habbestad Malin
Habbestad Ole
Habbestad Ragna Iversen
Haidary Abdul Ahad
Hallaråker Kari Birgitte
Hidle Lina
Hellen Ingvald Stølen
Hope Arnt David
Hope Christian
Hovland Annlaug Regine
Husa Arvid
Husevik Marianne
Høgsand Helge Hurtig

Innvær Sissel Elin Grønås
Innvær Steinar
Johnsen Leif Otto
Johnsen Marit
Kanarskiene Egle
Labanauskas Rytis
Lapeniene Irma
Larsen Bjørg Helen
Larsen Janne
Larsson Johanna
Legøy Thomas Aga
Le Huynh Hoa Thi
Lidal Hanne Grethe
Lidal Ruth
Mosavi Ali
Nakutis Nerijus
Naseri Ali
Navikauskien Mintara
Nesse Jenny
Nesse Jorunn
Nguyen Oanh Hong
Nilsson Dennis
Novade Sana
Nøstbakken Henrik
Olsen Anette
Paulsen Torill Kvarven
Rascius Irmantas
Rasciuviene Andzelika
Rezaee Mohammad Nasim
Sakinis Arturas
Salanova Leticia Segura

Salih Bootan Mustafa
Santana Thomas Økland
Schaerstrøm Karl Fredrik
Sidow Mohammed Maalin
Simonaviciene Ausra
Simonavicius Edvardas
Sortland Cathrine
Sortland Martin
Stensman Karl Martin
Stokkenes Monika
Stokkenes Vidar
Stoknes Susanne
Tamosaitiene Neringa
Tamosaitis Ernestas
Tverborgvik Inga Marie Meling
Uogintaite Anastasija
Valciukas Arunas
Valciukienè Audronè
Vatten Kristine
Vold Johan
Vold Kåre Jan
Vold Steffen
Våge Rita Johanne
Wang Lina
Warink Johnny
Ytrøy Solfrid
Zekic Mersija
Økland Pattarapan
Ånderå Trond

Transport
Bråthen Anne Meling
Magnusson Hans
Mammadi Ali
Navikauskas Aistis
Sortland Bjarne
Sæverud Magda

Vedlikehold
Folgerø-Holm Melankton L
Hopland Peder
Mathiassen Kjell Gunnar
Rølfsnes Olaf
Sørvik Bjørn Ketil
Økland Audun
Ådnanes Geir Ivar

Kantine
Djuvik Aud
Hjellbakke Anita
Nesse Randi Paulsen
Nguyen Hiep Ngoc
Sæverud Reidun

Sal
Kippersund Bjørn Roar
Økland Simon Nesse

Administrasjon
Alvsvåg Silje Kathrine
Bruun Jørn-Rune
Eide Einar
Helvik Vidar

Hoksrud Trine Lise O
Knarvik Bernhard
Knarvik Torild
Knutsen Geir Magne
Kringeland Ragnhild
Meling Astrid Sørensen
Mæland Kristin
Sommerset Alexandra I
Sortland Bodhild Hope
Svendsen Olav O.
Sæverud Bjørn Willy
Sæverud Eivind
Sæverud Terje
Sæverud Torbjørg



Lærlingar

Bremnes Fryser har stort fokus på kompetanse-utvikling og legg til rette for lærlingar. Me er stolte over å ha desse i vår bedrift.

Lærlingar innan fiskeindustrifaget:
Grindheim Ole Kristian

Lærlingar innan automatiseringsfaget:
Gåsland Benedikte
Habbestad Odd Kristian

Lærlingar innan akvakulturfaget:
Grytdal Hanne
Hope Bernhard S.
Hellen Lise

Styret



Leiargruppa





Frå venstre:

Simon Nesse Økland, Astrid Sørensen Meling,
Bjørn Willy Sæverud, Silje Kathrine Alvsvåg,
Geir Magne Knutsen, Torbjørn Sæverud,
Vidar Helvik, Ragnhild Kringeland, Olav
Svendsen jr., Terje Sæverud, Peder Hopland
og Einar Eide.

Styret si årsmelding

Verksemda sin art og lokalisering

Bremnes Fryseri AS er eit holdingselskap med kontor i Bømlo kommune. Verksemda til morselskapet omfattar drift av eigedommar og investering i andre føretak.

Konsernets verksemd har hovudkontor i Bømlo kommune med avdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Verksemda til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing og foredling av oppdretta matfisk.

Finansielle forhold

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde i 2010 eit resultat før skatt på 10,9 millionar mot -0,5 millionar i 2009.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på 8,7 millionar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar vart -12,9 millionar for selskapet, og netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar 4,2 millionar.

